423 etterkomme dette. Bergen SVs årsmøte mener dette er skandaløst og totalt uansvarlig.

424

425 I et forsøk på å utlikne regionsmessige utgiftsforskjeller har det på statlig nivå blitt besluttet å spare
426 inn over 100 mill. kr. her i region vest i løpet av 2010. Dette medfører dramatiske nedleggelse av
427 statlige institusjonsplasser. Rundt 65 stillinger skal enten avvikles eller omstilles. Det foreligger
428 imidlertid ingen grundig kartlegging av årsakene til de regionale utgiftsforskjellene, og det foreligger
429 heller ingen utredning av konsekvensene av disse innsparinger. Direktoratets eneste redskap er en
430 fordelingsmodell basert på markedsprinsipper, som intet forteller om kvalitet, verdier eller
431 nødvendig omsorg. I spesialisthelsetjenesten brukte statlige myndigheter to statlige utvalg og
432 grundige utredninger for å rette opp skjevdelingen mellom landsdelene, og ingen landsdeler fikk

9 Sak 3: Fråsegnsforslag til fylkesårsmøte 2010

433 kuttet i sine bevilgninger. Bergen SVs årsmøte mener de regionale forskjellene i pengebruk i
434 barnevernet må gås nøye etter i sømmene og at evt. omfordelinger mellom landsdelene må følge
435 modellen fra spesialisthelsetjenesten. Det statlige barnevernet på Vestlandet må ikke forringes!

436
437 BUF-etat har i stor grad definisjonsmakta på kva tiltak som skal veljast for barn, når det
438 kommunale barnevernet har meldt ei sak. Det ser ut som lovgrunnlaget i barnevernet gjer at
439 leiinga i kommunen ikkje får god nok informasjon om barnevernets arbeid. Dei lovmessige tilhøva
440 bør ikkje være eit hinder for generelt innsyn i arbeidsformer og metodar.

441
442 Mange kommunar er for små til å handtere dei vanskelige sakene i barnevernet. Det er behov for
443 å legge til rette for og utvikla modellar for samarbeid mellom kommunar når ein skal organisere
444 barnevernstenester. Såleis vil det kommunale barnevernet få fleire folk og betre kompetanse, det
445 vil også vere ein styrke i møte med det statlige barnevernet.

446
447 Det er naudsynt med ein ny og radikal gjennomgang av organiseringa i barnevernet. me har eit
448 barnevern som ikkje er tenleg, verken for brukarane, politikarar eller kommunane som har
449 hovudansvaret.

450
451 Ansvarstilhøva er i dag slik at aktørane blir utrygge og ressurstilgangen er skeiv i høve til
452 oppgåvefordelinga. Linjene mellom det kommunale og statlege barnevernet må forbeholdt og
453 endrast.

454 Kommunen vil alltid være adressat for brukarane si oppleving av kvaliteten i tenesta.

455
456 Forvaltningsreforma i barnevernet har openberre svake sider. Det trengs ein systemdebatt om
457 barnevernet og deretter nye grep som sikrar rett hjelp til rett tid for born og foreldre.

458 **Forslag nr. 11**

460 **Forslagstillar:** Askøy SV

461
462 **Fylkesstyrets innstilling:** Ser fråsegna som innarbeidd i arbeidsplanen

463 **Redaksjonskomiteens innstilling:**

464
465 Til: SV på Stortinget og SV i regjering

466 **Økt satsing på elbiler**

467 Hordaland SV ønsker en økt satsing på elbiler. Skal elbil bli et attraktivt alternativ for transport, må
468 infrastrukturen legges til rette for dette. Blant annet må

469
470 kommunene tilrettelegge for elbiler ved å tilby tilgjengelighet til ladestasjoner. Det må kreves at alle
471 kommuner setter av egne parkeringsplasser ved knutepunkt og kjøpesentre med lademuligheter.
472 Rådhusene og kommunale idrettsanlegg bør gå foran med et godt eksempel. Hordaland SV har
473 som mål at alle kommunene i fylket har ladestasjoner for elbiler i løpet av 2010.

474 **Forslag nr. 12**

476 **Forslagsstillere:** Tone Salomonsen og Tina Åsgård

477 **Fylkesstyrets innstilling:** Ser fråsegna som delvis innarbeidd i arbeidsplanen, oversendast
478 fylkesstyret

479 **Redaksjonskomiteens innstilling:**

480
481 Til: Landsstyret

482 **Skitten velferd!**

483 I de seinere år har offentlig sektor blitt gjennomsyret av styringsprisipper hentet fra det private
484 næringsliv. Erfaringer fra blant annet Skottland, tilsier at det er på tide at også det offentlige her
485 hjemme tar et oppgjør med denne trenden. I et byråkratiserende system hvor alt
486 kostnadsberegnes i snever forstand, er det ikke rom for helhetlig samfunnsplanlegging. Bruken av

10 Sak 3: Fråsegnsforslag til fylkesårsmøte 2010

487 bestiller-leverandør-modellen er en del av problemet, spesielt fordi oppdragsgiver ikke vektlegger
488 arbeidstakernes rettigheter i tilstrekkelig grad. Bruken av eksterne leverandører fører til fraskrivning
489 av ansvar, og i fjor måtte SV gå sammen med fagbevegelsen i kampen for at BiR skulle påta seg
490 ansvar i forbindelse sosial dumping hos en av underleverandører.

491
492 For SV er det svært viktig at det offentlige som oppdragsgiver går foran som et godt eksempel,
493 både med hensyn til arbeidstakernes rettigheter, etikk og omdømme. Hordaland SV mener at at
494 offentlige oppdragsgivere og spesielt velferdsinstitusjoner, ikke skal kunne bruke eksterne
495 tjenesteleverandører som er uten tariffavtale. I tillegg må oppdragsgiver skjerpe rutiner og
496 prosedyrer for kontroll, evaluering og etterprøving av kontraktsvilkår, når det gjelder klausuler om
497 sosiale vilkår. En velferdstat bygd på utnytting av arbeidstakere er en skitten form for velferd.

498
499 Hordaland SV krever at:
500 - ved utlysning av anbud må offentlige oppdragsgivere kreve at leverandør har tariffavtale.
501 - ved inngåelse av kontrakt, må offentlige oppdragsgivere sørge for at det foreligger kontraktsvilkår
502 som beskytter leverandørens arbeidstakere mot urimelig behandling. Dette må aktivt følges opp og
503 etterprøves jevnlig etter inngått kontraktsavtale.

504
505 **Forslag nr. 13**
506 **Forslagsstillar:** Bergen SV
507 **Fylkesstyrets innstilling:** Ser fråsegna som delvis innarbeidd i arbeidsplanen, oversendast
508 fylkesstyret
509 ~~**Redaksjonskomiteens innstilling:-**~~

510
511 Til: SV i kunnskapsdepartementet og SV på Stortinget
512 **Ja til bredere kunnskapsforståelse i skolen**
513 Norsk skole har gjennom innføring av New Public Management innført et testregime myntet på å
514 skape en konkurranseskole. Stikk i strid med grunnlagt intensjon om mer kunnskap bidrar nemlig
515 de nasjonale prøvene, PISA og PIRLS alle til at det settes i gang et usunt kappløp mellom skoler
516 på hvilke skoler og klasser som leverer de beste resultatene. Det grelleste eksempelet på dette er
517 medias listerangering av skoler, der skoler med lavest poengscore henges ut, mens skoler med
518 høy poengscore genierklæres.

519
520 Like galt, og om ikke verre, dette tar fokuset vekk fra det skolen handler om: Læring. Det flytter
521 lærekrefter vekk fra undervisning til arbeid rundt testene, flytter fokus fra pensum over på drilling
522 før prøver, og fungerer som en kollektiv avstraffelse for skoler som samlet sett har lavere score
523 enn andre. Tester motiverer ikke, verken på individnivå eller på makronivå.

524
525 Nasjonale prøver, PISA og PIRLS har alle en ting til felles: De måler kun et lite knippe av elevers
526 ferdigheter, og eger seg ikke i det hele tatt som noen universalmålestokk for hva elever faktisk
527 kan. PISA forsøker å rette opp i dette ved å for eksempel måle demokratiforståelse, en ferdighet
528 norske elever ligger i verdenstoppen på, men dette interesserer verken politikere eller media. I
529 stedet fokuseres det ensidig på lav score på ferdigheter innenfor naturfag og matte, til tross for at
530 landene man sammenligner seg med både har skolestart på tidligere årstrinn, mer avansert
531 pensum tidligere, og lar "svake" elever slippe å ta testen på grunnlag av for eksempel
532 spesialundervisning.

533
534 Derimot er tester som dette gode indikatorer og gode sammenligningsgrunnlag for tendenser over
535 tid, og et nyttig verktøy i summen av mange når man skal utvikle skolen videre.

536
537 Norsk skole er nødt til å kvitte seg med den testmentaliteten som råder i media, skole og særlig på
538 politisk hold. Man er nødt til å innse begrensninger en test og prøve har, gi rom for en bredere
539 kunnskapsforståelse og ta et oppgjør med konkurransementaliteten som sprer om seg. SV er nødt
540 til å ta kunnskapsbegrepet tilbake, fylle det med annet enn høyresidens konkurranse- og testsvar.

11 Sak 3: Fråsegnsforslag til fylkesårsmøte 2010

541

542 Det er ikke dermed sagt at man bør avskaffe nasjonale prøver. Å ha stikkprøver som måler
543 temperaturen i norsk skole er sunt, så lenge det brukes riktig og forsvarlig, gjerne sett i
544 sammenheng med levekår. Det gjøres det ikke i dag. Årlig frekvens på nasjonale prøver er heller
545 ikke tjenelig ettersom den beslaglegger store lærerressurser og tester samme trinn hvert år.

546

547 Derfor bør nasjonale prøver deles opp i tre, hvor hver skole har prøvene på rullering hvert tredje år.
548 Dette vil fjerne sammenligningsgrunnlaget som er grobunn for medias uthengningsoppslag
549 samtidig som det ivaretar muligheten til å se tendensene over tid.

550

551 **Forslag nr. 14**

552 **Forslagsstillar:** Stord SV

553 **Fylkestyrets innstilling:** oversendast fylkestyret for grundigare handsaming

554 **Redaksjonskomiteens innstilling:-**

555

556 Til: SV på Stortinget og SV i regjering

557 **Lovfesta rett til omsorgsløn**

558 Omsorgsløn er i dag ei ikkje lovpålagt ordning, og såleis ei frivillig ordning for den enkelte
559 kommune. Dette fører til at omsorgsløn og storleiken av denne er avhengig av kvar du bur i landet,
560 og det fører til store skilnader på beløp som vert utbetalt. Hordaland SV vedtek at omsorgsløn
561 vert ein lovfesta rettighet , og at nivået på omsorgsløna vert samordna frå staten.

SAK 4: ÅRSMELDINGAR

Årsmelding Hordaland SV 2009

Fylkesstyret for 2009 har vore sett saman slik:

Årsmåtevalde:

Fylkesleiar (au): Jørgen Melve, Bergen
Pol. nestleiar (au): Marthe Hammer, Bergen
Org. nestleiar (au): Rafael Cobo, Askøy
Økon.anstv.(au-obs.): Gina Barstad, Bergen
Fagleg leiar: Steinar Nørstebø, Bergen
Kvinnepol. leiar: Anne Mette Lie, Fjell
Styremedlemmer (ikkje rangert):
Mackwin Yogendran, Bergen,
Vigdis A. Dahle,
Johannes Bysheim, Osterøy
Ida Karlsen, Bergen

Også:

Mette Holmefjord Olsen, Fylkestingsgruppa (gruppeleiar)
Aleksander Eilertsen, SU. (vald av SU)

1. Marianne Espeland, Granvin
2. Bjørn Lothe, Ullensvang (avliden i perioden)
3. vara: Carolin Thevanathan, Bergen
4. vara: Jorge del Pino, Stord
5. vara: Oddvar Skre, Bergen
6. vara: Silje Strøm, Askøy

Dei fire førstnemnde har utgjort Arbeidsutvalet (AU), Gina Barstad uten stemmerett, jfr vedtekter.

Generelt

I Stortingsvalår er det viktigaste vi gjer å føra valkamp. Dette har også 2009 vore prega av i Hordaland SV. Den andre store hendinga for oss var at det var landsmøte, og at dette vart arrangert i vårt fylke, i Bergen 19-22 mars

På nominasjonsmøtet på Voss i samband med forrige fylkesårsmøte vart det vald ei god liste til Stortingsvalet der Audun Lysbakken, Gina Barstad og Bjørn Lothe sto på dei tre øverste plassane. Vi hadde med dette valt eit godt lag, med ungdom, erfaring, kunnskap og geografisk spreing. Det var difor eit hardt slag for partiet då Bjørn Lothe uventa gjekk bort 30 april. Dette førte også til eit problem for fylkesstyret; vi måtte no endra lista etter fristen for innsending og under eit stort tidspress for å rekka den endelege godkjenninga i fylkesvalstyret.

Vi ønska opphavleg å flytta nærmaste mann opp til tredjeplassen, men dette viste seg å ikkje vera mogeleg – vi måtte enten rykka opp alle på lista eitt hakk eller setta inn eit heilt nytt namn. Når Einar Horvei frå Voss SV lot seg overtala til å stå på tredjeplass, fekk vi ei godt balansert liste geografisk, kompetansemessig, i høve til kjønn og alder. Fylkespartiet er

takksame for at han tok denne utfordringa, og det var eit einstemmig fylkesstyre som dermed innstilte han til denne plassen på lista.

I etterkant av årsmøtet sist var sjølvsagt arbeidet fram mot landsmøtet i Bergen sentralt, ikkje berre for å bidra til ei god avvikling av landsmøtet, som vi var med på gjennom å skaffa frivillige ikkje berre frå Bergen men også resten av fylket til ei rad arbeidsoppgåver under landsmøtet. Uten alle dei frivillige som la ned ein kjempeinnsats ville aldri landsmøtet vorte så bra som det var! Også det å få gjennomslag for vår politikk og å få inn representantar frå Hordaland SV i viktige posisjonar var sentralt. Vi hadde med oss innspel til arbeidsprogrammet så vel som vedtekne fråsegner som vi ønska å få gjennomslag for. Det var sjølvsagt ikkje råd å få gjennomslag for alt, men både det at Marthe Hammer vart vald til kvinnepolitisk leiar i SV, at Audun Lysbakken held fram som nestleiar og at vi fekk inn fleire av våre forslag til arbeidsprogrammet er det grunn til å vera godt nøgde med. Delegasjonen framsto som godt førebudde og gjorde eit godt stykke arbeid både før og under landsmøtet, både ferske delegatar og veteranane.

2009 var eit avgjerande valår. For første gong skulle SV møta folket i Stortingsval som regjeringsparti. Dermed sto vi overfor ei ny utfordring; ikkje berre måtte vi kjempa for betre oppslutning for SV, vi måtte også vera med på å skaffa eit nytt raudgrønt fleirtal. Valresultatet var både ein siger for den raudgrøne regjeringa og eit beklageleg dårleg resultat for SV, nasjonalt så vel som i Hordaland. Vi hadde definitivt tru på at vi kunne gjera eit betre val enn det som vart resultatet, og det er grunn til å meina at vi alle må freista å finna ut korleis partiet skal kunne koma seg opp frå dette til dei komande lokalvala.

Vi planla valkampen godt, valkampgruppa, som besto av medlemmer frå HSV, BSV; SU og listetoppene møttes jamnleg frå rett etter årsmøtet og gjennom heile varen. Her vart både strategiske og praktiske avgjerder tatt, samstundes som vi prøve å koordinera ulike lokallag sine arrangement og ønske. Etter sommaren gjekk startskuddet for valkampen med valkampseminaret i Bergen 15. august. Derifrå og ut var det nokre valkamgruppemøte, men hovudsakleg konsentrerte vi oss om å driva valkampen så effektivt og godt som mogeleg i denne operative fasen av valkampen. Vi var både opptatt av å nå ut til folk gjennom personleg kontakt og gjennom media.

Evalueringa vår av valkampen er noko paradoksal; på ei rekke praktiske område gjekk valkampen meir problemløst enn nokon sinne tidlegare. Standsaktivitet, husbesøk i Bergen, synlegheita i lokale media, løpesedlar og slikt gjekk grunnleggande sett som det skulle og vi nådde truleg ut til fleire folk med materiell og personleg kontakt enn vi har gjort på ei stund (innan fylkesstyrets kollektive hukommelse). Likevel gjekk altså ikkje resultatet den vegen vi ønska oss. Lærdomane vi kan trekka er fleire; det er ikkje noko enkelt tilhøve mellom organisasjon og valresultat, det kunne gått verre med eit dårlegare organisatorisk arbeid og vi treng å finna ut av kva som skal til for å gjera eit bedre val neste gong. Det positive er at vi samla sett gjekk mindre tilbake i fylket enn på landsplan, at vi samanlikna med andre fylke som låg rundt vårt nivå i 2005 haldt betre stand og dermed beholdt stortingsmandatet. Det var også ein del kommunar som gjorde eit høveleg ok val i høve til 2007-resultatet, og at vi har god oppslutning i Bergen. Det mindre positive lokalt er at oppslutnaden vår i vekstkommunane omkring Bergen er svak.

Likevel, hovudmålsettinga vår var å skaffa eit stortingsmandat med så god margin som mogeleg og vi anser det som avgjerande for partiet framover at Audun Lysbakken vart vald inn som representant frå Hordaland. Utviklinga etter valet har også vore ei stor glede, i det vi

har fått ein statsråd frå Hordaland SV for første gong nokonsinne. At Audun Lysbakken er Barne, likestillings- og inkluderingsminister er ikkje berre eit godt val for han, partiet og landet, det fører også til at Gina Barstad no er fast møtande vara på Stortinget. Dette er særleg gledeleg, sjølv om vi jo helst hadde håpa at Gina skulle koma inn på stortinget utan denne omvegen.

Etter valet har vi stor grad valgt å vektlegga å få Gina ut til folket, vi meiner at det er bra for partiet og oppslutninga at flest mogeleg sv-lag og kommunar lærer henne å kjenna. Dette har difor fått prioritet framfor andre organisasjonsbyggande tiltak.

AU og fylkesstyret

Arbeidsutvalet i fylkesstyret har bestått av leiar, nestleiarar og økonomiansvarleg, og hatt 16 møte. Dei aller fleste møta har vorte avhalde som telefonkonferansar, siden dette gjer det mogeleg for alle å kunne delta. I forkant av innkallingane til fylkesstyremøte har det vore møte, i tillegg til ca kvar fjortande dag gjennom året (med unntak av sommaren) pluss møte når det har vore vesentlege hendingar i partiet. Denne arbeidsforma har fungert rimeleg bra. Vi har imidlertid også starta drøftingar om videokonferanse/webkamerautstyr kan vera tenleg for au å bruka for å kunne kommunisera betre enn det er høve til på telefon. AU har også hatt utstrakt bruk av e-post for å planlegga og følgja opp arbeidet mellom møte. I tillegg til den daglege drifta og planlegginga av verksemda har AU også handtert ein del saker der partiet sentralt ønskjer innspel på kort varsel, enten dette dreier seg om personar eller synspunkt.

Fylkesstyret har hatt elleve møte i løpet av året og handsama XX saker. (Nokre saker overlappar eller går att fleire stader, men saker under den politiske situasjonen og rapportar frå dei ansvarlege kjem i tillegg). To av møta var telefonmøte i samband med listerevisjonen vi måtte føreta. Sjølv om AU hadde fullmakt frå årsmøtet, valde vi å inkludera fylkesstyret for å ha best mogeleg demokratisk legitimitet for såpass drastiske ting som det er å endra stortingsvallista på dei øverste plassane. Vi har hatt innleiarar utanfrå på fleire møte, frå Helse Bergen og Noregs Bondelag samt Geir Ketil Hansen i tillegg til egne krefter som Ågot Valle, Audun Lysbakken og Jørgen Melve. Vi har i år sett møta i fylkesstyret i samanheng med valkampgruppemøte, slik at vi i valkampen ikkje prioriterte møte i fylkesstyret, men i staden satsa på å retta all verksemda inn mot valkampen. Fire av møta har vore utvida fylkesstyremøte, med brukbar deltaking frå laga. All honnør til dei som nyttar høvet til å møta i desse samanhengane.

Dei utvida møta har hatt som tema valkampførebuing, Soria Moria II, valkampevaluering og helsepolitikk. Dei fleste møta har vore på laurdag, den vanlege møtedagen for fylkesstyret frå år tilbake, men vi har også hatt møte på vekedagar, noko som for dei fleste har vore bra, men som skaper utfordringar for folk som bur langt vekke. Då vi tok for oss valkampevaluering, lånte vi lokale og videokonferanseutstyr frå Naturvernforbundet. Vi meiner dette fungerte bra, og har sondert mogelegheitene for auka bruk av dette for å kunne kobla saman folk frå ulike stader i fylket utan å måtte bruka lang tid på reiser.

Politikk

Av våre prioriterte hovudsaker for 2009 er det grunn til å nemna nokre område der vi har fått gjennomslag. Feltet som gjeld rett til fulltidsarbeid og likeløn har partiet sentralt også prioritert og den fortsatte raudgrøne regjeringa gjer at vi ser at det no er rørsle i desse spørsmåla, med godt håp om å få eit reelt gjennombrøt i tida som kjem. Vi har markert oss

godt i partiet og ut mot media og publikum i desse sakene, både som fylkeslag og gjennom Audun Lysbakken sin sentrale posisjon i likelønnsaka. Også på utanriksområdet har fleire av våre saker hatt framgang i året som gjekk, også der gjennom at SV sentralt har arbeidd for våre standpunkt og at vi har oppnådd reelle vinstar i forhandlingane om Soria Moria II. Dette gjeld saker som arbeid for sluttbrukererklaringar og for regulering av internasjonal våpenhandel. (At rakettskjoldet ikkje ser ut til å verta noko av, kan nok i sanningas namn ha meir med Obama enn Hordaland SV å gjera, sjølv om Ågot Valle også her uttretteleg har kjempa den gode striden).

Når det gjeld monsternastene i Hardanger, er dette enno uavklart, og Hordaland SV har arbeidd med saka på alle moglege plan, mot departement, partiet sentralt, stortinggruppa, gjennom besøk i berørte kommunar, ved kontakt med lokallaga og gjennom Gina Barstad sitt engasjement i saka etter ho kom på Stortinget. Vi voner at dette, saman med det folkelege engasjementet og arbeidet lokalt vil kunne føra fram i denne saka. På transportsektoren har vi teke initiativ overfor partiet sentralt, stortings- og regjeringsrepresentantar i høve til bybaneproblematikken. I arbeidet for å sikra Bergensbana si framtid, har fylkesleiar delteke i arbeidet med å skipa "Bergensbanen 4-2020" som ein tverrpolitisk organisasjon for alle som vil få reisetida ned til fire timar innan 2020. Fylkeslaget har i styremøte tilslutta seg denne organisasjonen og reknar med å arbeida innan denne for fortsatt kamp for Bergensbana.

Organisasjon

Hordaland SV har igjen auka medlemstalet sitt, pr 31.12 hadde vi no 792 betalande medlemmer, ein oppgang frå 652 året før. Dette er gledeleg og gjer oss til det nest største fylkeslaget i SV. Det er imidlertid grunn til bekymring når ein går nærare inn på tala. Medlemsauken skuldast utelukkande spesifikk mobilisering i Bergen, i laga utanfor Bergen har imidlertid medlemstalet vore stabil, og i fleire av laga utanom Bergen ser vi også noko tilbakegang. Dette har vi vore klar over, og fylkespartiet har i året som har gått arbeidd spesielt med å støtta laga utanom Bergen. Arbeidet med organisatorisk styrking må halda fram i tida som kjem. I året som har gått har alle mindre lag fått tilbod om skulering i å bruka internettløysinga til SV, alternativt at dei kan få hjelp frå oss til å leggja inn eit minstemål av materiale sjølv og få inn oppdateringar ved å senda dei til oss. Organisasjon har lagt ned eit godt stykke arbeid her.

Det eigenutvikla skuleringsprogrammet "dette er sv" finst framleis som eit ståande tilbod for lokallaga. Det er likevel naturleg at det i år ikkje var så stor etterspørsel etter dette med både landsmøte og valkamp som vesentlege aktivitetar. Vi har ikkje makta å utvikla ferdig vidaregåande del av dette programmet, men meiner dette må stå høgt på dagsorden i tida som kjem.

Økonomi

Etter fylkestingsvalet i 2007 gjorde vi eit medvite val om å finansiera den løpande drifta av inntektene vi normalt kan rekna med i form av hovudsakleg partistønad. Valkampar må då tas av oppsparte midlar frå tidlegare år. Budsjettet gjer greie for korleis inntekter og utgifter har fordelt seg, vi har i år

HMS m.m

Den tilsette sekretæren var sjukemeld ein månads tid i mars, noko som sjølv sagt gav oss organisatoriske utfordringar. Dette vart håndtert ved å kutta ned på møte, ved at AU tok

naudsynte oppgåver på dugnad samt ved timeinnleige av Heidi Sund frå Bergen SV. Dette var i oppkøringa til landsmøtet, så det vart hektisk for mange av oss i denne tida. Takka vera god innsats kom vi i mål med dei vesentlegaste tinga. Sjukefråværet har soleis auka ein del i fjor, men vi anser at vi som arbeidsgjevar har truffe dei naudsynte tiltak for å få ned dette fråværet i tett dialog med den tilsette.

Åsmund Fjellhaug har ført rekneskapen på ein forbilledleg måte og forsynt oss med oppdaterte oversyn over forbruk og anna kvar gong vi har spurt. Maria Lundefaret Gløsen har hatt den tidvis utaknemlige jobben med å halda kontor og lokaler reine og ryddige har vore utført på eksemplarisk vis. Espen Edvardsen har vore sekretær gjennom heile året, serviceinnstilt, kunnskapsrik og engasjert har han utført arbeidet på ypperleg måte.

Årsmelding frå HSV si fylkestingsgruppe 2009

2009 har vore eit greitt arbeidsår for fylkestingsgruppa, dei 4 faste har jamt over vore på jobb og visst ikkje, har varafolk stilt opp, somme tider på kort varsel!

Gruppa har hatt sine faste møte før fylkestingssamlingane i tillegg til separat budsjettkonferanse. Me har møte med Naturvernforbundet, Hordaland Olje og gass, Pendlarlag og Utdanningsforbundet. Gruppeleiar har møtt på på dei aller fleste fylkesstyremøta og fleire "fylkessaker" har vore diskuterte, også på utvida styremøte.

Og gruppa har også i 2009 vore

- | | |
|--------------------------------|--|
| ▪ Mette Holmefjord Olsen | Fylkesutvalet, gruppeleiar |
| ▪ Kim Størksen | Kultur og ressursutvalet |
| ▪ Aud Karin Oen | Opplærings- og Helseutvalet |
| ▪ Kjartan Haugsnes | Samferdselsutvalet |
| ▪ Ida Karlsen | 1.vara (+ 1. vara OPHU) |
| ▪ Lars Helge Ljone | 2.vara (+ 1. vara KURE) |
| ▪ <u>Vigdis Askeland Dahle</u> | 3.vara (+ 1. vara SAMF) |
| ▪ <i>Espen Edvardsen</i> | <i>trufast sekretær og organisator</i> |

Alliansar og samarbeid for fylkestingsgruppa;

- SV samarbeider med ulike parti og har framlegg og voteringar felles med både Raudt, Ap og Sp, alt etter politiske mål. Venstre er også støttespelar i samferdsel / kollektiv og miljø saker. Det er grei aksept mellom dei raudgrøne for å kjøra egne saker / liner / voteringar. SV leverte eige budsjettframlegg (tal) i år også.
- SV har vanlegvis kontakt med aktuelle lokallag når konkrete, lokale saker er oppe.
- samarbeider med SU vs saker om vidaregåande (utstyrstipend / skyss mm)
- Sv har bra samarbeid med fagrørsla i fylkeskommunen; særleg i adm.utvalet, men også i saker om opplæring. Transportarbeidarar har også funne talsperson i SV
- SV har hatt god kontakt med organisasjonane i i landbruket gjennom Bjørn Lothe sine posisjonar og Lars Helge Ljone i Fylkeslandsbruksstyret. Men dette er endra seg når Bjørn no er borte og Fylkeslandsbruksstyret er trekt inn.
Her må SV organisera seg på nytt!
- På bakgrunn av sentrale SV-føringar, har me prøvd å få etablere betre kontakt med fylkeslaga nord og sør om oss, men fleire initiativ til samkvem har enno ikkje gjeve resultat.

Vurdert mot Fylkeslaget sin arbeidsplan for 2009, kan noterast at Fylkestingsgruppa har:

- ofte alternative framlegg i saker for å "fremja sosialistiske og jordnære løysingar"
- fremja forslag om heile stillingar i fylkeskommunen (miljøarbeidar /elevassistent og tannpleiarstillingar)
- kontinuerleg trykk på klima/ miljø i alle samferdselssaker; ny fylkesvegplan, NTP, kollektivmelding, hamnesak mm.
- arbeid aktivt mot luftspenn, i Hardanger og ytre stork. Her er tverrpolitisk semje i Fylkestinget.

På kulturfronten var Kulturelt Utviklingsprogram viktigaste jobben (kopling kultur og næring og regional utvikling) Ideen kom frå borgarleg side, men vart SV sitt KUPp! Med Kim Størksen som saksordførar, vart kulturkreftene involvert og programmet betre.

Miljø og ressursar i Hordaland har fått prøvesteinar som små-vasskraftplan, ulike reguleringsplanar, "konfiskering" av fellesareal til handel og slappe kollektivmeldingar, SV har hatt alternative og utfyllande framlegg i desse sakene. Eit mogeleg lyspunkt er at Kystkogbruket i Hordland har fått Mette som fylket sin repr. i vestlandsk rådsorgan!

Vidaregåande opplæring er største feltet til fylket, om lag 18.000 ungdommar får opplæring. SV må stadig fokusera på midlar til og rutinar for spesialundervisinga og tilbod om 4.-5.opplæringsår. . Legalitetskontrollar og forvaltningsrapportar vil vonleg gje meir ressursar/ betra rutinar. Ny budsjettmodell for skulane er truleg sentraliserande og drivande

SV har vore positiv til "den digitale skolen" og etablering av offentleg, fylkeskommunal (NDLA) drivkraft i utvikling av digitale læremiddel, men me er kritiske til faren for einsretting og monopolsituasjon. Skulane må kunna velja læremiddel.

Tannhelsearbeidet har venta på ny plan, der m.a. klinikkstrukturen vert vurdert, SV tenkjer desentralisert! Planen skal ferdighandsamast vår 2010.

Samferdselssakene har i 2009 mykje handla om kollektiv og bybane! Kollektivarbeidet i fylket er famlande, driftskompetansen er ung og uerfaren og anbodsomlegging føreset dyre grunnlagsinvesteringar som td. bussanlegg på Haukås i Åsane. Det er stort trøkk på dette politiske feltet, og SV er blant dei fremst kritikarane.

Som konsekvens av Forvaltingsreforma vart mange riksvegar og ferjer fylket sitt ansvar frå 01.01.2010. Ny fylkesvegplan set rammer og prioriteringar, og Bergensprogrammet sin "del" av desse midlane var av utfordringane. SV har aktivt støtta Jondalstunnel, sjølv om det sat langt inne å få gjennom beste og dyraste løysing nord om tunnelen. Men SV har markert seg som motstandar av fleire bompengepakkar, mest fordi plasseringa av bompengestasjonane har vore usolidarisk (Kvam, Bømlo må nemnast.)

Planarbeidet om ny godshamn for Bergen/omland er pt. konsentrert om Dokken (0=alternativ + CCB Ågotnes/Mongstad) eller Flesland. HSV har ikkje konkludert endeleg.

Næring, regional utvikling er mykje indirekte arbeid gjennom møte og konferansar. SV vonar at omorganisering av Innovasjon Noreg (49% fylkeseige), etablering av regionale forskingsfond og oppussing av Vestlandsrådet skal løfta det regionale arbeidet.

Eigarskap, forvaltning og etikk er også i SV sitt fokus, særleg sidan dei borgarlege stadig organiserer oppgåvene i ulike selskap og føretak. Tenester til folket skal styrast mest mogeleg ope av folkevalde – ikkje i lukka strukturar av byråkratar!

~05.02.10~

Mette Holmefjord Olsen
gruppeleiar

SAK 5 REGNSKAP 2009

Regnskapet er levert til revisor. Det skal foreligge rapport senest ved møtestart. Det tas forbehold om at det kan være gjort noen feilposter, men det vil eventuellet bli delt ute forklarende noter eller en utgave med reviderte poster.

RESULTATRAPPORT 2009

PR. 31.12.2009

HORDALAND SV

INNETEKTER	BUDSJETT 2009	REGNSKAP 2009	REGNSKAP 2008
Offentlig støtte	750 000	724 025	783 283
Medlemspenger	75 000	42 920	68 166
Partiskatt	15 000	39 801	6 300
Frikjøp	85 000	258 300	102 321
Div. inntekter	20 000	87 469	-
Renteinntekter	40 000	947	69 269
Sum inntekter	985 000	1 153 462	1 029 339

OBS: Renteinntektene på sparekontoene er ikke ført ennå, så rapporten må endres når jeg får de.

UTGIFTER

Kontorleie	90 000	81 026	83 369
Kontordrift	80 000	84 741	61 354
Ansatte	575 000	493 075	548 452
Materiell	5 000	3 325	5 507
Møter/reiser	195 500	237 709	130 248
Porto	3 000	275	1 672
Kontorutstyr	3 000	12 289	-
Bevilgninger	10 000	7 345	3 137
Hordaland SU	60 000	60 000	60 000
Annonser	4 000	-	-
Ymse	5 000	61	7 414
Bankgebyrer	2 000	1 046	1 501
Valgkamp	290 000	310 701	10 000
Sum utgifter	1 322 500	1 291 593	912 654
RESULTAT:	-337 500	-138 131	116 685

Spesifikasjon møter/reiser	regnskap
Fylkesstyret	kr 6 120
Årsmøte/nominasjonsmøte	kr 102 873
Fylkestingsgruppen	kr 6 830
Landsstyret	kr 77 000
Landsmøtet	kr 12 728
Div møter/reiser	kr 16 728
Reiser	kr 15 430
sum	kr 237 709

Spesifikasjon valgkampen	regnskap
Avsatt i 2008-regnskapet	kr -10 000
Sekretærer	kr 159 889
Materiell	kr 121 875
Reiser	kr 15 613
Bevilgninger	kr 5 000
Diverse	kr 18 324
sum	kr 310 701

BALANSE 31.12.2009

EIENDELER		GJELD OG EGENKAPITAL
Kasse	-	22 767 Gjeld til HSU, overført i jan 09
Brukskonto DNB	673 626	18 000 Skyldige kostnader
Sparekontoer	1 108 561	19 215 Skattetrekk
Trekkinnskudd	22 608	13 892 Skyldig arb.giveravgift
Sum pengebeholdning	1 804 795	73 874 Sum Gjeld
Tilgode HSU		
Tilgode BSV, mottatt jan 2010	50 692	836 402 Kapital
Forskuddsbet. kostnader	49 838	995 360 Husfond
Div. fordringer	311	- Valkampfond 2007
Sum fordringer	100 841	1 831 762 SUM EK
SUM Eiendeler	1 905 636	1 905 636 Sum Gjeld og Egenkapital

Follese, 17. Januar 2010

åsmund fjellhaug
regnskapsfører

SAK 6 BUDSJETT 2010

Forslagsstillar: Fylkesstyret

HORDALAND SV

Budsjett 2010

INNETEKTER B 2010

Offentlig støtte	75000
Medlemspenger	60000
Partiskatt	40000
Frikjøp	110000
innsamling	
valkamp frå08	
Renteinntekter	40000
<i>Sum inntekter</i>	<i>1000000</i>

UTGIFTER

Kontorleie	85000
Kontordrift	75000
Ansatte	550000
Materiell	10000
Møter/reiser	150000
Konferanser*	5000
Porto	3000
Kontorutstyr	10000
Bevilgninger	10000
Hordaland SU	70000
Annonser	4000
Ymse	5000
Bankgebyrer	2000
Valgkamp	20000
<i>Sum utgifter</i>	<i>999000</i>
RESULTAT:	<u>1 000</u>

Spesifikasjon møter/reiser	regnskap
Fylkesstyret	kr 10 000
Årsmøte/nominasjonsmøte	kr 35 000
Fylkestingsgruppen	kr 30 000
Landsstyre/samlinger	kr 15 000
Div møter/reiser	kr 40 000
Konferanser	kr 20 000
<i>sum</i>	<i>kr 150 000</i>

Sak 7: arbeidsplan

Forslagsstillar: Fylkesstyret

Hordaland SV har som hovudmål i 2010:

* Arbeide vidare for dei sakene vi fronta i valkampen 2009: Miljøvennlig transport, likelønn og gratis tannhelse.

* Starta arbeidet med å bli ein del av flest mogeleg fleirtal i fylket og kommunar ved lokalvalet i 2011.

* Drive utvikling av ny radikal og jordnær sosialistisk politikk innanfor: Helse og omsorgspolitikken, med fokus på styringsmodeller og alternativer til New Public Management. Integreringspolitikken med vekt på rettferd og mangfald. Næringspolitikken med vekt på utvikling av nye grønne arbeidsplassar

Følgjande saker skal vere prioritert i det politiske arbeidet i 2010:

* Forhindre at det vert lagt til rette for petroleumsvirksomhet i havområda utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja.

* Syte for at bybanebyggjina i Bergen held fram og kollektivtilbodet vert langt betre i heile fylket. Og at Bergensbana får høgare politisk prioritet slik at ein innan 2020 kan få gjort den moderniseringa av banen som er naudsynt for å få reisetida mellom Bergen og Oslo ned i under fire og ein halv time.

* Få opp tempoet på det politiske arbeidet for likelønn i fylkeskommunen og kommunar i Hordaland.

* At den rød-grønne regjeringa fører ein asyl- og innvandringpolitikk som tek tilstrekkelig omsyn til den enkelte sine grunnleggjande menneskerettar. Tvangsutsendingar av asylsøkjjarar skal ikke skje på tvers av råda til FNs høgkommisær for flyktningar utan at norske styresmakter har ein omfattande og truverdig dokumentasjon på at utsendingane er trygge.

* Arbeide vidare for ein politikk som hindrar skjemmande luftspenn ("monstermaster") for kraftoverføring i sårbare landskap.

* Arbeida for å få fart i det kommunale arbeidet med tilrettelegging for elektriske bilar i Hordaland

Følgjande område skal vere prioritert i det organisatoriske arbeidet i 2010:

* Legga grunnlaget for å stilla lister i flest mogeleg kommunar til lokalvalget i 2011, m.a. ved å samla lokallagsleiarar og potensielle kandidatar frå kommunane til to samlingar for skolering og inspirasjon.

* Å halde god kontakt med våre viktigste allierte i fagbevegelsen, kvinnebevegelsen, miljøbevegelsen og fredsbevegelsen. I tillegg må Hordaland SV styrke kontakten med relevante organisasjonar i landbruket, kulturlivet, minoritetsmiljøene og på utdanningsfeltet.

* Styrke alle dei eksisterande laga med oppfølging og eige opplegg for opplæring. Alle laga skal på nett og nettbruken skal vesentleg aukas. Hardanger og Sunnhordland utviklast som samarbeidsregionar for SVarar og SV-lag i områda.

* Videreføre og styrke det gode samarbeidet med SU og oppmuntre lokallagene til å samarbeide med lokale SUere.

• Vidareutvikle samarbeidet med fylkesleda og fylkestingsgruppene til

3 **Sak 7: arbeidsplan**

4 **Forslagsstillar:** Fylkesstyret

46

47 Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Raudt, men samstundes markere avstand og
48 forskjellar frå dess frâdesse partia.

49 * Auke aktiviteten og deltakinga i kvinnepolitisk utval, fagleg utval og Etnisk
50 likestillingsgruppe, samt sikre at det er god kontakt mellom desse utvala og
51 fylkesstyret.

52 * Syte for ein inkluderande og open prosess knytta til utviklinga av nytt prinsip-
53 program for SV.

54 *Halda kontakt med lokallaga, slik at dei er kontakta før kvart fylkesstyremøte.

55

56 **Følgjande skal minst verta gjort i 2010:**

57 * Gjennomføre et seminar i høvesvis Hardanger og Sunnhordland i samarbeid med
58 laga og andre relevante samarbeidspartnarar i området.

59 * Halde fylkesstyremøte før kvart landsstyremøte og om lag månadleg elles. Minst
60 3 av møta skal vera utvida fylkesstyremøte og ha politiske innleiingar. Norsk
61 Afghanistan-politikk, betring av vilkåra for småskala nisje produsentar i landbruket
62 og new public management skal vere mellom emna. Eitt utvida fylkesstyremøte
63 skal verta nytta til å debattera ein heilskapleg transportpolitikk for Hordaland, med
64 vekt på miljøvenleg transport og kollektivsatsing

65 * Samle arbeidsutvalet til minst 15 møter.

66 * jJmleg senda ut nyhendebrev til lokallag og tillitsvalde på epost.

67 * Utvikle samarbeidet med Rogaland SV og Sogn og Fjordane SV i samband med
68 den nasjonale distriktssekretærordninga. .

SAK 8: Valg

A Valkomite

Forslagsstillar: Fylkesstyret

Aud karin Oen (leiar), Joe R. Aseerwatham, Sara Bell, Tore Svendsen og HSU (vel sjølv).

B Arbeidsprogramkomite

Forslagsstillar: Fylkesstyret

Aud karin Oen (leiar), Einar Horvei, Marthe Hammer, Kjartan Haugsnes og HSU (vel sjølv).

C Nominasjonskomite

Forslagsstillar: Fylkesstyret

Det vert levert eit forslag til komite ved møtestart.

D Fylkesstyre med varaer

Forslagsstillar: Valkomiteen (Lillian Blom (leiar), Tor Lædre, Aud Karin Oen, Lars Helge Ljone, Joe Aseerwatham og Aleksander Eilertsen)

Leiar: Kjartan Haugsnes, Vaksdal SV

DISSENS(Oen og Aseerwatham): Jørgen Melve, Bergen SV

Politisk nestleiar: Signe Ekeland Valvatne, Stord SV

Organisatorisk nestleiar: Rafael C. Garrido, Askøy SV

Økonomiansvarleg: Pia Kalland, Bergen SV

Fagleg leiar: Steinar Nørstebø, Bergen SV

Kvinnepol. leiar: Anne Mette Lie, Fjell SV

Styremedlemmer: Einar Horvei (Voss) Ida Karlsen (Bergen) Johannes Bysheim (Osterøy) og Raajini Rajalinam (Bergen).

Varmedlemmer: (rangert) Jorge del Pino (Stord), Marthe Hammer (Bergen), Roar Sletteland (Bergen), Silje Guleng (Askøy) og Joe R. Aseerwatham (Bergen)

Revisorer:

Asbjørn Bjørnset og Lillian Blom. Varaer: Gry Elise Skjæveland og Åge Chr. Jacobsen

D Landstyrerepresentant for Hordaland SV

Representant: Kjartan Haugsnes, Vaksdal SV

DISSENS(Oen og Aseerwatham): Jørgen Melve, Bergen SV

1.vara: Signe Ekeland Valvatne

2.vara: Rafael Cobo Garrido